

---

Saksnr: 2020/71713-10  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Klagenemnda		25.03.2021

## Klagesak- avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrenser

Forslag til vedtak

1. Klagen vert ikkje teken til følgje.

### Samandrag

Saka gjeld avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrense langs fylkesveg 546, Krokeidevegen. Klagar har søkt om dispensasjon for omfattande renovering og tilbygg til ein einbustad i umiddelbar nærleik til vegen. Fylkesrådmannen finn ikkje at vilkåra for å gi dispensasjon etter veglova er oppfylt, og rår til at klagen ikkje vert teken til følgje.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Oversending av klage for behandling - søknad om dispensasjon frå byggegrense langs fv. 546 - gnr 95 bnr 53 - Sageneset 2 - Bergen kommune
- 2 Kopi av oversending av klage for behandling i klagenemnda
- 3 Oversending av klage for behandling - Gnr 95 bnr 53 - Bergen kommune
- 4 Svar med informasjon om saksgang - Klage på avslag til dispensasjon fra byggegrense - Fv 546 - Sageneset 2 - gnr 95 og bnr 53 - Bergen kommune
- 5 Klagebrev ref. 2020-71713-2- Vestlandfylkeskommune
- 6 Klagebrev- vedr. avslag til dispensasjon fra byggegrense - Fv 546 - Sageneset 2 - gnr 95 og bnr 53 - Bergen kommune
- 7 Svar - Ang. avslag - Dispensasjon frå byggegrense - Fv 546 - Gnr 95 bnr 53 - Bergen
- 8 Avslag - Dispensasjon fra byggegrense - Fv 546 - Gnr 95 bnr 53 - Bergen kommune
- 9 Ang. avslag - Dispensasjon frå byggegrense - Fv 546 - Gnr 95 bnr 53 - Bergen
- 10 Avslag - Dispensasjon fra byggegrense - Fv 546 - Gnr 95 bnr 53 - Bergen kommune
- 11 andrevedlegg\_Sageneset\_2\_Beskrivelse\_påbygg.doc
- 12 snittegninger\_Sageneset\_gamle\_tegninger.pdf
- 13 snittegninger\_Snitt\_med\_eksisterende.pdf
- 14 snittegninger\_Sageneset\_plan\_2.pdf
- 15 snittegninger\_Sageneset\_fasade\_3.pdf

- 16 snittegninger\_Sageneset\_2\_-\_SNITT.pdf
- 17 snittegninger\_Sageneset\_fasade\_2.pdf
- 18 snittegninger\_Sageneset\_plan\_1.pdf
- 19 snittegninger\_Sageneset\_fasade\_4.pdf
- 20 snittegninger\_Sageneset\_fasade\_1.pdf
- 21 situasjonsplan\_Kart\_nåværende.pdf
- 22 situasjonsplan\_Kart\_med\_tiltak.pdf
- 23 situasjonsplan\_Sageneset\_2\_Beskrivelse\_påbygg.doc
- 24 Søknad om dispensasjon fra byggegrense - fv.546 - gnr 95 bnr 53 - Bergen kommune

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Eskild Winther Pedersen søkte 16.9.2020, på vegne av Uruthiran Jude Dhushyanthan (heretter klagar), om dispensasjon frå byggegrense langs fylkesveg 546, Krokeidevegen, for gnr/bnr. 95/53, Sageneset 2, i Bergen kommune. Tiltaket gjeld omfattande renovasjon av og tilbygg til eksisterande bustadhus.

Vestland fylkeskommune v/avdeling Infrastruktur og veg (heretter underinstansen) av slo søknaden ved brev 14.10.2020.

Klagar påklaga vedtaket ved brev av 27.10.2020.

Underinstansen fann ikkje grunnlag for å endre eller oppheve vedtaket, og oversendte klagesaka til klagenemnda ved notat datert 5.2.2021.

Vedtakskompetanse

Klagenemnda er klageinstans for enkeltvedtak treft av fylkeskommunen, jf. forvaltningslova § 28 (2).

Vurderingar

### Klagen

Klagar viser til at det hovudsakeleg er søkt om å renovere bustaden som den står, utan å flytte ytterveggar og areal. I følgje klagar er det ikkje søkt om tilbygg. Bakgrunnen for søknaden som vart sendt er i følgje klagar at det blir vanskeleg å behalde dagens tak, som ikkje held dagens standard og er over 100 år gammalt. Klagar viser til at heving av mønehøgde vil vere minimal (under 50 cm).

Klagar undrar seg over at vegmynde ikkje vurderer innløyising dersom det er trong for meir vegareal og bustaden står i vegen for trafikktryggleiken.

Klagar undrar seg over kvifor vegmynde ikkje har inkludert eigedomen i reguleringsplan for gang- og sykkelveg.

Klagar viser til at han har brukt mykje tid og planlegging av renovering av bustaden. Klagar spør kva fylkeskommunen ønskjer med eigedomen. Klagar viser til store, løpande utgifter for bustaden. Klager ber om at fylkeskommunen saman med kommunen finn ei rask løysing for eigedomen. Klagar skriv at han er usikker på om det er mogleg å byggje noko med krav om avstand på 15 meter til veg.

Fylkesrådmannen viser dessutan til klagen i sin heilskap.

### Rettsleg grunnlag

Av veglova § 35 følgjer at ved vesentleg oppattnying, må oppattbygging berre gjennomførast i samsvar med føresegnene i §§ 29 og 30.

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa etter veglova for renovering og tilbygg til ein einestad. Av søknaden går fram at store deler av huset/konstruksjonen må skiftast. Tiltaket omfattar òg tilbygg med ny takkonstruksjon og altan.

I klagen er det vist til at det hovudsakeleg er søkt om å renovere bustaden som den står, at det ikkje er søkt om tilbygg og at heving av mønehøgde vil vere minimal. I den grad søker med dette finn det tvilsomt om tiltaket krev dispensasjonssøknad, legg fylkesrådmannen til grunn at det rent faktisk er søkt om dispensasjon frå byggegrenser og at søknaden ikkje er trekt.

Fylkesrådmannen vurderer at føreliggjande tilfelle vert råka av veglova § 35, og søknaden skal avgjerast etter ei avveging mellom søkjaren si interesse i å få dispensasjon på den eine sida og omsynet til trafikktryggleiken, vedlikehaldet og drifta av vegen, arealbehovet ved utbetring av vegen og miljøet langs vegen på den andre sida, jf. veglova § 29 første ledd. Fylkesrådmannen peiker på at oppattbygging her må vurderast på same måte som nybygging.

### Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest (2017-2020) (heretter Rammeplanen)

Rammeplanen er rettleiande for utøvinga av skjønn i dispensasjonssaker etter veglova. Fylkesrådmannen peiker på at dokumentet ikkje er juridisk bindande, men eit verktøy som skal sikre einsarta, framtidretta og føreseieleg praksis for same type saker.

Fylkesrådmannen slår fast at fylkesveg 546 forbi gnr/bnr 95/53 er klassifisert i haldningsklasse 2 (streng). Vegen er rekna som ein viktig hovudveg som har regional og overordna lokale funksjon. Frå byggegrense på 50 meter, vert det vanlegvis ikkje gjeve dispensasjon utan at det ligg føre reguleringsplan. Unntak kan vurderast der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busshaldeplass og fartsgrense 70 km/t eller lågare.

Aktuell eigedom er ikkje omfatta av reguleringsplan. Av klagar sin søknad går fram at minste avstand til midten av gang- og sykkelveg er 2 meter. Fylkesrådmannen legg til grunn at det ikkje er tilrettelagt med gang- og sykkelveg langs eigedomen. Fylkesrådmannen finn at kriteria for å vurdere unntak etter Rammeplanen i denne saka ikkje er oppfylt. Ved avgjerd om dispensasjon skal gis, må forvaltninga likevel gjere ei konkret og individuell vurdering.

#### Omsynet til trafikktryggleiken

Målingar frå vegmidte til hjørnet på ein bustaden slik den er plassert i dag, viser at minste avstand er 4,02 meter. Vegen er relativt smal og svingete forbi eigedomen, og Krokeidevegen er meir trafikkert no enn tidlegare. Vegbreidda i svingen forbi eigedomen varierer mellom litt i underkant av 6 meter og litt over 8 meter. Mellom bustaden og vegen er det ein betongmur som er ca. 1 meter høg.

Underinstansen har peika på at huset tek sikt langs vegen og i svingen på den trafikkerte fylkesvegen. Fylkesrådmannen stør underinstansen si vurdering, og har i si totalvurdering av om dispensasjon skal gis lagt vekt på omsynet til trafikktryggleiken.

#### Omsynet til drift og vedlikehald av vegen

Underinstansen har peika på at bustaden gjer det vanskeleg med drift og vedlikehald av vegen, då det er lite sideareal langs vegen til grøfter og snørydding. Fylkesrådmannen stør underinstansen si vurdering, og har i si totalvurdering av om dispensasjon skal gis lagt vekt på omsynet til drift og vedlikehald av vegen.

#### Omsynet til arealbehov for vegen

Underinstansen har vist til at plasseringa av bustaden hindrar moglegheiter for framtidig utviding av vegen. Underinstansen har vist til at dersom ein opnar for rehabilitering og tilbygg på bustaden vil dette gjere det meir kostbart for fylkeskommunen å innløyse bustaden dersom det vert behov for areal til utviding av vegen i framtida.

Fylkesrådmannen peiker på at bustaden ligg svært nærme veg, og at dette vil kunne vere til hinder sjølv for mindre utbetringar av vegen. Fylkesrådmannen kan likevel ikkje sjå at det ligg føre konkrete planar for utviding av vegen. Fylkesrådmannen har gjeve omsynet til mogleg arealbehov for vegen noko vekt.

#### Miljøomsyn

Slik bygningane på eigedomen er plassert i dag, ligg delar av bustadhuset og den eine garasjen/uthuset i raud støysone. Resten av eigedomen ligg i hovudsak i gul støysone.

Eigedomen sin nærleik til vegen vil også medføre noko svevestøv, salt og anna forureining frå trafikken der. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet følgjer av rundskriv T-1442 og T-1520 frå Klima- og miljøverndepartementet. Både støy- og støvproblematikk gjer uteområdet ved bustaden lite brukarvenleg.

Av "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging", T-1442/2016, går fram at ein som hovudregel skal unngå støyfølsam busetnad i raud sone. Fylkesrådmannen har i sin heilskaplege vurdering ved om dispensasjon skal gis, lagt vekt på nemnde miljøomsyn.

### Andre tema som er teke opp i klagen

Når det gjeld innløyising, eventuell regulering av eigedomen og mogleg flytting av bustaden, fell dette etter fylkesrådmannen si vurdering utanfor vurderingstema for klage på avslag på dispensasjonssøknaden som her er til behandling.

### Samla vurdering

Fylkesrådmannen har forståing for at klagar ønsker å setje i stand bustaden og at klagar har ei sterk interesse i dette. I den samla vurdering av om dispensasjon skal gis, veg likevel omsynet til trafikktryggleiken, mogleg arealbehov, drift- og vedlikehald av vegen samt miljøomsyn tyngre.

Fylkesrådmannen viser til at fylkeskommunen vil vurdere eventuell ny dispensasjonssøknad ved endra planar som utløyser krav om slik søknad.

### Konklusjon

Fylkesrådmannen har vurdert klagen, men finn ikkje at vilkåra for å gi dispensasjon etter veglova er oppfylt. Fylkesrådmannen rår til at klaga ikkje vert teken til følgje.